

VISITASFOREDRAG VED BISPEVISITAS I SVEIO

30. NOVEMBER – 5. DESEMBER 2010

Kjære kyrkjelyd!

Takk for flotte dagar her i Sveio. Eg er imponert over det eg har sett, og det varmar ein biskop når ordføraren fortel om kor stolt ho er av dei vakre kyrkjene og om kva det betyr å ha ei kulturkyrkje og aktive kyrkjelydar i kommunen.

Eg har sjølv sett kva dugnadsånd kan utretta i Eikeland kapell. Eller var det katedral? Imponerende, og det var jo blitt så flott. Så såg eg på framsida av Vestavind eit stort bilde av dugnadsgjengen som vaska ned denne kyrkja. Takk for at de har gjort det så fint til i dag. Og takk for alle gode opplevingar under visitasen.

Det har vore eit godt og mangfaldig visitasprogram. Eg har vore i Valenheimen og sett Valenlandskapet, fått møta kommunen og bedriften Helifuel, og har vore på omsorgssenteret. Eg var på skulegudsteneste i her i Sveio og i Førde og fekk oppleva aktive skuleungar og eit imponerende barnekor og solistar. Eg har fått vera med på ein fin på jubileumsfest i Eikeland kapell og fekk oppleva meir av song og musikkulturen på kulturkveld i Valestrand kulturkyrkje. Og eg har fått møtt alle sokneråda på samrådsmøte der vi snakka om strategi og planar for Sveio framover.

Tysdag 30. november starta visitasen med **møte med prestane i Sunnhordland** i Valenheimen. Prestane fortalde om gleder og utfordringar i prestenesta. Biskopen fortalde om ny ordning for visitas der ein legg inn møte med prestane i prostiet. tok opp spørsmålet om tidsbruk ved gravferd og fortalde om gudstenestereforma. Deretter var det lunsj saman med staben i Sveio før det var eige **møte med staben**. Sokneprest Arild Steinsland hadde liturgisk opning og kyrkjevevje Eva Birkeland leia. Staben fortalde om gleder og utfordringar i tenesta og gav uttrykk for trivsel. Biskopen hadde **samtale med kantor og med prestane**. Det var **middag i prestegarden i Førde** for heile fylgje saman med huslyden Steinsland. Deretter gjekk turen til kommunehuset i Sveio. Der var det **førebuingsmøte før møtet med kommunen** og **møte med rådsleiarane**. Både sokneråda og dei tilsette var samla til **Samrådsmøte** i kommunestyresalen. Prost Svein Arne Theodorsen leia møtet og seksjonsleiar Tore Skjæveland opna med ein andakt om læresveinen Andreas, og biskopen fortalde om bispetenesta og tilsyn. Det vart snakka om:

- Gudstenestefrekvensen og om å ha to gudstenester kvar sundag
- Samarbeid mellom dei to sokneråda og nord-sør problematikk
- Trusopplæring og felles planar
- Kyrkjebygga og oppussing i Eikeland og Valestrand
- Kulturkyrkja i Valestrand som tilbod til heile kommunen
- Bygging av soknehus i Sveio som eit felles prosjekt for både sokn
- Gjevarteneste

Onsdag 1. desember var biskopen med fylgje på **bedriftsbesøk** hos Helifuel som hevdar seg internasjonalt med å laga drivstoffanlegg til maritime helikopter. Deretter var det **andakt på Sveio Omsorgssenter** (SOS). Fungerande sokneprest i Sveio Herman Inge Ådland leia og biskopen heldt andakt over Matt 21, Jesu inntog i Jerusalem. Etterpå fortalde sokneprest, prost og biskop muntre historier og biskopen kom blant anna inn på fotball og spurde om nokon visste kor mykje Fredrikstad slo Haugar med i cupfinalen i 1961. Ein visste det: 7-0.

Møtet med kommunen starta med presentasjon av Sveio og slutta med lunsj og at soknepresten i Sveio gjekk på hendene. Det vart snakka om:

- Valenlandskapet og kulturkyrkja, kva det betyr for kommunen

- Kyrkja sin bruk av kultur og nytt prosjekt med musikk i eldrearbeidet.
- Kulturrådgevar Inger Stoveland fortalde om bispedømetts kultursatsing
- Trusopplæringa og trongen for eit nytt soknehus med bårerom til barn og unge. Det vil ein starta arbeidet med på dugnad og innsamling.
- Oppvekstvilkåra i Sveio nær byane Stord og Haugesund
- Kyrkja som ein aktør for å bygga gode lokalsamfunn, med lågterskel tilbod gjennom blant anna barne- og ungdomskor

Det var synfaring av kyrkekontora som ligg i kommunehuset og mat heime hjå kyrkjevevja. Om kvelden var det **50årsjubileumsfest i Eikeland kapell**, som var nyoppussa. Biskopen heldt festtale om huset som vart bygd fordi: - dei trengte det, - dei skapte fellesskap, - dei ville gje Gud ære. Etterpå var det helsingar frå tidlegare prestar og andre og mat i den nyrenoverta salen.

Torsdag 2. desember var det **skulegudstenester i Sveio kyrkje** for 1.-7. klasse frå Lid, Vikse og Sveio. Elevar las tekst og 4. klasse på Vikse song. Deretter var det **skulegudsteneste i Førde kyrkje** for 1.-7. klasse frå Valestrand, Førde og Auklandshamn skular. Her var barnekolet med og 1.-2. klasse framførte julespel. Prestane hadde felles preike om Jesus som reid på eit esel illustrert med projektorbilde på lerret. Biskopen hadde ei helsing til sist og lyste velsigninga. Det var lunsj i prestegarden. Om kvelden var det **Kulturkveld i Valestrand kulturkyrkje**. Soknepresten i Valestrand og Førde, Arild Steinsland hadde samtale med biskopen, ordførar Jorunn Skåden, kulturrådgevar Inger Stoveland og forfattar Einar Økland. På utfordring frå soknepresten spelte biskopen gitar og song "Eight days a week" av Beatles. Det var eller mange andre flotte musikkinnslag med Valestrand og Førde barnekor, Sveio songlag og tensingkolet Sveising. Etterpå var vaflar og mat som foreiningar og frivillige hadde laga til.

Sundag 5. desember var det **visitasgudsteneste i Sveio kyrkje**. Soknepresten Hermann inge Aadland hadde opninga saman med Sveio barnekor, og prostten hadde liturgien før preika og soknepresten Arild Steinsland leiar forbønsdelen. Biskopen preika over dagens tekst (Luk 21, 25-33), forretta nattverden og lyste velsigninga. Rett etter gudstenesta heldt **biskopen sitt visitasforedrag**. Deretter vart visitasen avslutta med **kyrkjekaffi i Sambrukshuset**.

Etter ein visitas skal biskopen oppsummera sine inntrykk i eit visitasforedrag. Og eg vil ta utgangspunkt i det som er visjonen for Bjørgvin bispedøme:

**SAMAN VIL VI ÆRE DEN TREEINIGE GUD, VED Å:
- FORKYNNE KRISTUS, - BYGGJA KYRKJELYDAR, - FREMJE RETTFERD.**

KULTUR

Eg startar med det som er overskrifta over alt saman: Saman vil vi æra den treeinige Gud. Det er det å vera kyrkje handlar om: Å gje Gud ære. Gud kjem til oss med frelse og kyrkja svarar med lovprising. Nettopp difor har kyrkja alltid strekt seg for å uttrykka dette store, det himmelske, nåden som er større enn orda, gjennom song, musikk, biletkunst og arkitektur. Dei flotte katedralane, kyrkjemusikken som har levd gjennom århundra, biletkunsten heilt frå dei fyrste enkle bileta i katakombene i Roma har vore uttrykk for dette: Å gje gud ære. Så når nokon spør kva plass kulturen har i kyrkja, så er svaret: Det som me i dag kallar kultur har alltid hatt sin plass i kyrkja. Nokon gonger stor plass, andre gonger mindre. Difor er det flott med ei kulturkyrkje som aukar kulturen sin plass.

Sjølvsagt betyr ikkje det at alt som i dag er kultur har sin naturlege plass, det kan tenkast at noko ikkje passar i same rom som ein har gudsteneste og gravferd. For Valestrand

kyrkje er og ei menighetskyrkje. Men så langt eg har forstått, har de ikkje vore nær den grensa.

Kulturarbeid er og eit strategisk arbeid. Ordføraren sa det i Valestrand kyrkje på torsdag: Gjennom kulturen opnar ein kyrkja for folk flest. Det er eit viktig kyrkjeleg arbeid som når ut til vaksne. For det er mange av dei som ikkje har funne seg heilt til rette med det tradisjonelle, men som saknar eit tilbod, som kjem til kulturkyrkja.

GUDSTENESTE

Det handlar om å gje Gud ære. Det gjer vi fyrst og fremst ved å gå til gudsteneste. Når vi er i gudstenesta, så gjev Gud den ære han skal ha. Vi aukar Guds ære mellom oss.

Det er de flinke til. Sidan sist visitas har gudstenestetalet gått ned utan at talet på deltakarar har gått ned. Det seier sitt om kyrkja si stilling i Sveio og om at det er kvalitet på gudstenesta. Og det seier noko om den gode vanen.

GUDSTENESTEFREKVENNS

Vanekristendom er eit ord som ikkje alltid har stått så høgt i kurs, men trua treng gode vaner. Trua må ha vera utvendig for å bli bevart innvendig. Dersom trua berre er inni oss og ikkje får forma oss på utsida og bli til handling, vil ho visna av mangel på næring. Dersom vi vil vera kristne, så må vi også gjera det som kristne har gjort heilt sidan den fyrste tid og samlast til gudsteneste. Trua må få koma til uttrykk og trua må få forma oss.

Skal vi få til regelmessig kyrkjegang må vi ha regelmessige gudstenester.

De har fire kyrkjer eller tre kyrkjer og eit kapell og to prestar. Det ligg godt til rette for at det kan vera to gudstenester kvar sundag i kommunen, slik at folk veit at det alltid er gudsteneste i ei kyrkje nær dei på sundag. Det beste hadde vore om det var kvar sundag i kvart sokn, men start med det regelmessige, to gudstenester kvar sundag. Det blir nokon ettermiddags- eller kveldsgudstenester, men det kan fungera bra når det er mange dåp eller når ein skal nå barn og unge.

Det fyrste underpunktet i visjonen heiter: å forkynne Kristus.

SAMAN VIL VI ÆRE DEN TREEINIGE GUD, VED Å FORKYNNE KRISTUS

TRUSOPPLÆRING

Det dreier seg blant anna om trusopplæring. Og eg må gratulera dykk med tildelte trusopplæringsmidlar. De går ei spennande tid i møte når de skal planlegga korleis de skal nå heile årskullet. Og her ligg de godt an. Folkekyrkja i Sveio står imponerende sterkt. De har ein svært høg dåpsprosent og ein imponerende høg konfirmasjonsprosent. Og de har jo alt eit godt trusopplæringstilbod og barne- og ungdomsarbeid, og til og med ein kyrkjelydspedagog på innsamla midlar. Så de har eit godt utgangspunkt

UNGDOM

De har ein veldig viktig ting her i Sveio som eg vil rosa dykk for: leiartrening. De har eit tilbod til fjorårskonfirmantar om å bli med som konfirmantleiarar. Det er viktig for kyrkja, det er viktig for framtida og for trusopplæringa. Det kan ikkje understrekast

nok. Og sjølv om nokon tenker at dei forsvinn når dei kjem til vidaregåande, så gjer dei ikkje det. Dei kjem igjen om nokre år, kanskje som dåpsforeldre. Det viktige dei får med seg i leiartreninga, ber dei med seg og vil gje tilbake til kyrkja.

FORKYNNING

Å forkynna Kristus handlar også om å leita etter det rette språk og dei rette vekemiddel for å nå kvar generasjon og kvart nytt årskull med evangeliet i ei form dei kan forstå. Det var flott å sitte på skulegudstenesta og oppleve korleis prestane arbeidar kreativt med gudstenesta og brukar bilde med projektor og lerret for å forkynna. Og eg ventar spent på søknaden om godkjenning av opphenging av utstyr.

Det andre underpunktet i visjonen heiter: å byggja kyrkjelydar.

SAMAN VIL VI ÆRE DEN TREEINIGE GUD, VED Å FORKYNNE KRISTUS OG VED Å BYGGJA KYRKJELYDEN

BYGGJA FELLES

Det strategiske spørsmålet er ikkje: korleis har ein har pleid å bygga kyrkjelyd, men korleis bygger ein kyrkjelyd i vår tid.

Sveio har utvikla seg. Alle stader som har gått frå tre til ein kommune, frå eit bygdesamfunn til moderne tid med nye vegar som knyter saman, vil oppleve ei tid med spenning mellom dei ulike områda før ein venner seg til å tenka som eit stort fellesskap. Ein har ulike historier med seg frå den gongen ein rodde til kyrkje og bygdene var langt frå kvarandre i reisetid, men vi har same tru og det er dei same utfordringane som møter oss.

Difor var det gledeleg å sitte på møtet med sokneråda og høyra mange som gav uttrykk for rause haldningane til å arbeida felles over tidlegare grenser. Det er framtida for Sveio. Vi kan ikkje løysa utfordringane i vår tid, dersom vi ikkje løyser dei saman. Det tyder ikkje at eg vil pressa på for samanslåing, men for samarbeid.

Kva skal ein samarbeida om? - Kulturkyrkje og soknehus. Og ein må forankra dette arbeidet breitt, i både sokn og i heile kommunen.

BYGGJA SOKNEHUS

Ved å ha felles nye prosjekt bygger ein kyrkjelyd. Ved å bygga hus, bygger ein kyrkjelyden. Det har eg sett mange stader, korleis å bygga hus aktiviserar nye grupper og bind folk saman. På torsdag i kulturkyrkja var det ni ulike foreiningar som bidrog med vaflar. Kulturtiltak er noko som aktiviserar og bind saman. Å bygga eit nytt hus gjer det same. Og det aktiviserar menn. Foreinigslivet passar ikkje for alle, men kan ein møta opp i kjeledress med eigen hammar, så stiller mange opp, sjølv om dei er sjeldne i kyrkja.

Difor er soknehus ein god ide. Bygningar er viktig. Kyrkjene her i Sveio er flotte, men dei ikkje brukskyrkjer til anna enn gudstenester. Når ein vil satsa på gode tiltak og godt miljø for barn og ungdom er det viktig med eit godt eigna hus. Barn og ungdom må ha ein base som skapar miljø, eit hus som er eins eige. Eit hus gjev identitet. Hugs at alle

fotballag spelar best på heimebane. Å samla aktivitetane i Sveioområdet i eige hus, det er ein riktig strategi.

Korleis skal ein så få det til? Tre viktige ting.

For det fyrste: Gjer det til eit felles prosjekt. Lag ein felles komité med medlemmer frå både sokneråd og heile kommunen.

For det andre: Gå ut og utfordr foreldre til å bidra til eit hus for ungdom. Eit hus med eit alkoholfritt, inkluderande og sunt ungdomsmiljø. Foreldre vil ha eit godt miljø for sine barn, og her i Sveio er det dugnadsånd og tradisjon for frivillig innsats.

For det tredje: Få til ei gjevarteneste til dette hus – både for foreldre og andre som vil byggje kyrkjelyden! Eg veit at de har ei gjevarteneste, men den er minkande. Så dette er sjansen til å få den på plass igjen. Eg vil utfordra kyrkjelydane, både dykk som sit her i dag og dykk som seinare skal lesa visitasforedraget: De bør få opp ei sprekk gjevarteneste!

Lat oss seia at de får med to hundre som er gjevarar. Hundre gjev 100 kr i månaden, 100 gjev 200 i månaden. Det vert 30.000 i månaden , 360.000 i året og ein million på 3 år. Då kan ein stå sterkare i møte med banken og kommunen.

I våre dagar er gjevarteneste enkelt. Dei av dykk som har nettbankar, og det har vel etter kvar ganske mange tenker eg, kan leggja inn faste trekk kvar månad. Det er nemleg fryktelig vanskeleg å kvitta seg med ein tohundrelapp som er i lommeboka. Den liksom klistrar seg fast i lommeboka dersom du skal ta den ut. Men å la to hundre kroner gå ut av konto, det er mykje lettare, pengane berre ruslar stille av garde, men soknehuset vil merka det, barne og ungdomsarbeidet vil merka det.

Eg har ein god nyheit til dykk. Kyrkjelydane i Sveio er svært rike. Eg har også ein dårleg nyheit. Det er at pengane sit i lommene til medlemene. De må få pengane ut av lommene og inn i kyrkjelyden. De må snakka om gjevarteneste og de må organisera og leggja forholda til rette for gjevarteneste, så gjev de kyrkjelyden fleire musklar.

Når ein bygger aktiviserar ein folk. Slike bygningar skapar ny energi og får med seg nye folk. Kommunen kan ikkje gjera det for dykk. Kommunen trur ikkje på det dei ikkje kan sjå. Men kjem de i gang, så er det mogeleg, så ser kommunen også at dette er eit godt tiltak for innbyggjarane.

TIL KOMMUNEN

Til kommunen vil eg seia at det var fint å merka at det er eit godt forhold til kyrkja. Men Sveio har ein utfordring. De ligg så nær Haugesund at det lett kan dukka opp drabantbyproblem. Då er eit godt og stabilt lokalmiljø viktig. Og kyrkja vil vera med å bygga det miljøet. Å investera i kyrkja er ei god investering. Eit ope og rusfritt ungdomsmiljø med låge tersklar i eit eige soknehus vil bli ein ressurs for kommunen.

Så er eg komen til visjonen sitt tredje underpunkt: rettferd
SAMAN VIL VI ÆRE DEN TREEINIGE GUD, VED Å: - FORKYNNE KRISTUS, -
BYGGJA KYRKJELYDAR, - FREMJE RETTFERD.

DIAKONI

Gløym ikkje diakonien. Visitasmeldinga seier det er ein akilleshæl. Eg trur ikkje det er så ille, men tenk diakonalt om soknehuset. Tenk ungdomsdiakoni, tenk inkludering. Tenk på dei eldre og besøksteneste.

Når det først er tv-kamera i kyrkja, tenk kor kjekt det hadde vore for dei gamle på Omsorgssenteret dersom det hadde vore overføring. Dei hadde blitt så lukkelege av å sjå meg igjen i dag, for ikkje å snakka om koret.

Hugs også på dei globale utfordringane vi har, og sørg for at det både i kyrkja og privat hos kvar einskild av dykk vert gitt raust og rikeleg til både misjon og bistand! Det er ei stor fare for at vi i vår tid blir oss sjølve nok, og gløymer dei som ikkje er så heldige at dei får vakse opp i Noreg og i Bjørgvin!

TAKK

Så vil eg avrunda med å takka prestane, kantor, kyrkjelydspedagog og leiarane i sokneråda som har skrive visitasmeldinga, ho er god og innhaldsrik og vi har tatt det med oss og det er innarbeida i dette visitasforedraget. Takk til kyrkjevevja og staben for god tilrettelegging og særleg til kantorane for flott musikk og korsong.

Takk også til prosten som har vore med å tilrettelegga og planlegga denne visitasen og har vore med heile vegen og som held si milde hand over Sveio når biskopen ikkje er der. Det er jo han som er biskop i mitt fråver, og det er han på ein god måte.

Lat meg avslutta med å minna om visjonen til bispedømet:
SAMAN VIL VI ÆRE DEN TREEINIGE GUD, VED Å: - FORKYNNE KRISTUS,
- BYGGJA KYRKJELYDAR, - FREMJE RETTFERD.

Og så tre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen:

- Gjer noko med gudstenestefrekvensen
- Vidareutvikla kulturkyrkja som felles prosjekt
- Få på plass ei gjevarteneste og bygg soknehus saman

Og med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Sveio med gode minne
Eg takkar for desse dagane og ynskjer Guds velsigning over kyrkjelydane i Sveio.

Bjørgvin bispestol, 5. desember 2010

Halvor Nordhaug